
| | |
|---------------|---------------------------------------|
| Saksnr: | 2021/4819-26 |
| Saksbehandlar | Hanne Marthe Espe og Ingrid Melvær |
| Dato: | 19.10.2021 |

Til: Hovudutval kultur, idrett og integrering

Frå: Avdelingsdirektør kultur, idrett og inkludering

Nyskapande aktivitetsanlegg 2021 - status for prosjektet

Statusrapport for prosjektet Nyskapande aktivitetsanlegg

Historikk

Vestland fylkeskommune (VLFK) vil saman med kommunane, Vestland Idrettskrets, Lokale- og Anlægsfonden i Danmark (LOA), Tverga (ressurs-senteret for eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet i Norge), KS og andre aktørar legge til rette for tiltak som kan stimulere til utvikling og bygging av nyskapande aktivitetsarenaer i kommunane. Dette er m.a. forankra i Anleggspolitikk for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020-2024.

Prosjektet er nyskapande og har ein tydeleg berekraftsprofil. Det er knytt opp mot relevant og aktuell kunnskap og skal svare på trendar og utfordringar. Det er grundig forankra og har ein modell som krev langsiktig planlegging og medverknad.

Arbeidet så langt har avdekka behov for ytterlegare kunnskapsgrunnlag, prosesskompetanse (arkitekt med rett kompetanse) og bidrag til investering i anlegg som ikkje vert dekkja gjennom spelemiddelordninga.

Fase 1- Pilotprosjekt - arkitektkompetanse og prosess

Stord kommune, Langeland skule

På Stord hadde arkitektane eit vanskeleg utgangspunkt for å lage eit nyskapande uteområde, med ein ny hall på planstadiet og ein stor myr som det var planer om å fylle igjen. I løpet av prosessen har situasjonen blitt snudd frå gjenfylling av myr - til å nytte myra som ein ressurs i prosjektet. Kommunen har og engasjert arkitektane i planane om ny hall, slik at denne vert omarbeidd og flytta litt på, og slik integrert betre i heilskapen i området. Samarbeidet har verkeleg vore eit eksempel til etterfølging, og syner kor viktig det er å få inn arkitekt med rett kompetanse på eit tidleg tidspunkt, før det er avgjort kva og kor det skal byggast.

Austevoll kommune, Austevoll ungdomsskule

I Austevoll har det vore gode medverknadsprosessar, med fleire fysiske møte på trass av pandemiutfordringar. Samarbeidet har vore inspirerende å følgje, og overføringsverdien ser ein allereie resultat av - Austevoll kommune har teke i bruk nokre av dei same metodane i andre prosjekt. Dei laga i samarbeid med Norconsult og Aktiv Park ein flott film der arbeid og tankar framover vert presentert: [Austevoll Skolepark \(vimeo.com\)](https://vimeo.com/61111111)

Bjørnafjorden kommune, Fusa ungdomsskule

Ved Fusa ungdomsskule er det stort engasjement, og skulen tok i bruk medverknadsverktøy som vart utvikla av arkitektane i undervisninga. Grunna utfordringar med reiser og koronareglar vart det utvikla fleire sett med visuelt materiell som elevane kunne medverke gjennom, og i tillegg til ein stor workshop i starten vart dette eit godt grunnlag for arkitektane til å utarbeide eit tydeleg og godt konsept å arbeide utifrå. Det er lagt vekt på at det skal vere enkelt å komme i gang med dei mindre kostnadskrevjande delane av prosjektet, og likevel kunne få fram ein synleg endring. Det er viktig for motivasjonen til elevane, som ofte i byggeprosjekt er ferdig ved skulen før anlegga står ferdig.

Kvam herad, Haugamyrr

I prosjektet ved Haugamyrr idrettspark i

Kvam herad vart det utvikla nettbaserte medverknadsverktøy, der ein opplevde å nå mange fleire ungdom enn ved tradisjonelle folkemøte eller involvering av nokre utvalde elevrådsrepresentantar. Det vart gjort på ein kreativ måte ved å kople bilete ein skulle reagere på, med utfyllande spørsmål. Det var og gjennomført djubdeintervju med folk i ulike aldersgrupper, både småbornsfamiliar, familiar med eldre born, vaksne utan born og eldre.

Vestland fylkeskommune fekk i vår [2 millionar kroner frå Agenda Vestlandet](#) til prosjektet, og pengane vart delt likt mellom pilotprosjekta. Pengane skal gå til realisering av prosjekta, til dei delane av prosjekta som ikkje er berettiga spelemidlar. Vestland fylkeskommune følger prosessane vidare, men det er kommunane som er prosjekteigar og har forplikta seg til å bygge anlegga.

Fase 2 - skuleområde i fire nye prosjekt

Våren 2021 vart fase 2 lyst ut, med søknadsfrist 15. mai. I første runde var det fem prosjekt som vart invitert med i det vidare arbeidet. Dei fekk frist til 1. oktober med leveranse på visjonsarbeid og interessentanalyser samt skissering av prosjektet i stor og liten skala. Etter denne leveransen valte styret ut fire prosjekt som går vidare og får kopla på arkitektkompetanse til prosessen vidare. Desse fire er:

1. Kinn kommune, Florø ungdomsskule
2. Bergen kommune/ Vestland fylkeskommune, Olsvikåsen vidaregåande skule
3. Etne kommune, Enge skule
4. Hyllestad kommune, Hyllestad skule

I september i år vart det gjennomført synfaringar med Lokale- og Anlægsfonden, VLFK og kommunane på dei fem ulike skulane som då endå var med i prosjektet. VLFK har no lyst ut arkitektkonkurranse, og det er frist for å levere tilbod 10.11.2021. Sjå vedlegg for kort presentasjon av skulane og problemstillingar knytt til kvart område. Kvar kommune vil få knytt eit arkitektteam med prosesskompetanse til sitt prosjekt, og det er dette midlane avsett i fylkeskommunalt budsjett vil gå til. Vestland fylkeskommune vil fortsette arbeidet med å søkje eksterne midlar til realisering av prosjekta, og oppmodar samstundes kommunane til å gjere det same. Dei er og forplikta til ein eigendel på 30%, i tillegg er det moglege ressursar å hente frå spelemiddelordninga.



Synfaring ved Olsvik VGS i Bergen.



Elevar ved Hyllestad skule fortel om sine draumar for uteområdet.

Kunnskapsdeling

I pilotprosjekta, som vi jobba med i 2020, handla det om å utvikle skuleområde, og i fase 2 som vi er inne i no, handla det også om skuleområde - men i fase 3 som blir lyst ut til våren, skal det handle om idrett- og aktivitetshallar. Vi håpar at alle desse prosjekta skal gje mykje ny kunnskap om denne måten å jobbe på.

Målet er å kunne tilføre ny kunnskap inn i både kommunar, idrettsråd, idretten og i fylkeskommunen, på fleire avdelingar. Dette er kunnskap som det er uttala trong for i t.d. utvikling av nye vidaregåande skular m.m. Og sjølvstøtt er det eit mål å gi ny kunnskap blant ulike arkitektfirma. Då er det prosesskompetanse vi først og fremst snakkar om. Det å gjennomføre gode, grundige og gjerne kreative medverknadsprosessar som sikrar at dei rette anlegga vert bygd.

Det er etablert ei prosjektside på fylkeskommunen si heimeside. Her vil ein finne informasjon om dei ulike fasane i prosjektet, og lenkjer til aktuelle webinar, rapportar m.m. Her er lenkje til prosjektsida: <https://www.vestlandfylke.no/idrett-og-friluftsliv/nyskapande-aktivitetsanlegg/>

Blir lagt merke til

Prosjektet har allereie fått brei merksemd, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Vestland fylkeskommune sit i ei nasjonal arbeidsgruppe for utvikling av skulegardar, saman med m.a. Tverga, Norges miljø-og biovitenskapelige universitet og fleire andre relevante aktørar på tvers av fag og forvaltning. Fylkeskommunen ønsker å peike på modellar for gode samarbeid på tvers. Erfaring frå arbeid med dagsturhyttene viser at private, offentlege og frivillige jobbar ekstra godt i samhandling og spleiselag.

Kommunane er flinke til å forankre prosjekta lokalt, m.a. i administrasjonen, blant politikarar, frivillige organisasjonar, hjå ungdommane og i media.

Fase 3 og vidare arbeid

Avdelingsdirektøren foreslår ei vidareføring av fylkeskommunal løyving i budsjett for 2022. I tillegg står krava til kommunane ved lag i høve eigendel og forventa gjennomføring. Det er i tillegg ønskeleg med endå større grad av ekstern finansiering (privat) for å kunne gje dei ulike prosjekta moglegheit til å bli 100% realisert. Dette vil vi jobbe med vidare både i fylkeskommunen, men sjølvstøtt også i dei utvalde prosjekta.

Fase 3 vil bli lyst ut med søknadsfrist 15. mai 2022. I forkant av dette planlegg vi ein studietur til Danmark i samarbeid med Lokale og Anlægsfonden. Der vil det vere fokus på både skuleområde som er relevant for prosjekta i fase 1 og 2, og aktivitetshallar, som er relevant i fase 3.